



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-010
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1514	<b>Løpenr:</b> 19/820
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Valstyret	07.02.2019	002/2019

## Røystelokale ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

### 07.02.2019 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) stilte spørsmål om det på valdagen er høve til å røysta i annan valkrins enn krinsen ein høyrer til. Administrasjonen vart bedt om å undersøkje/avklara kva reglar som gjeld for dette. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### VAL- 002/2019 Vedtak:

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 i Samnanger 09.09.2019 vert røystelokala som følgjer:

- Valkrins 01 Nordbygda. Røystelokale: Samnanger folkebibliotek (Høgspent'n)
- Valkrins 02 Tysse. Røystelokale: Samnanger ungdomsskule
- Valkrins 03 Gjerde. Røystelokale: Nesodden bedehus

Vedtaket er gjort med heimel i § 9-3 i vallova.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 i Samnanger 09.09.2019 vert røystelokala som følgjer:

- Valkrins 01 Nordbygda. Røystelokale: Samnanger folkebibliotek (Høgspent'n)
- Valkrins 02 Tysse. Røystelokale: Samnanger ungdomsskule
- Valkrins 03 Gjerde. Røystelokale: Nesodden bedehus

Vedtaket er gjort med heimel i § 9-3 i vallova.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Valgloven

### Kva saka gjeld:

Samnanger kommune er delt inn i tre røystekrinsar, med eitt røystelokale i kvar krins. Ved dei siste

vala har røystelokala vore som følgjer:

- Valkrins 01 Nordbygda. Røystelokale: Nordbygda grendahus
- Valkrins 02 Tysse. Røystelokale: Samnanger ungdomsskule
- Valkrins 03 Gjerde. Røystelokale: Nesodden bedehus

Det går fram av § 9-3 i vallova at det er valstyret som bestemmer kvar stemmegjevinga skal føregå. Det står i den same paragrafen at stemmegjevinga skal føregå i eigna og tilgjengeleg lokale, og at veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp (krav om universell utforming). Lokale som ikkje oppfyller desse vilkåra, skal ikkje nyttast med mindre det ligg føre særlege grunnar.

Kommuneadministrasjonen foreslår at biblioteket på Bjørkheim (Høgspent'n) vert røystelokale i valkrins 01 (Nordbygda) ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, i staden for Nordbygda grendahus.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Bakgrunnen for administrasjonen sitt forslag er som følgjer:

1. Biblioteket oppfyller kravet om universell utforming, medan Nordbygda grendahus berre delvis oppfyller dette kravet.
2. Samnanger kommune slepp å betala leige ved bruk av biblioteket som røystelokale.

I Samnanger vert soknerådsvalet halde same stad som kommunestyre- og fylkestingsvalet, men ikkje i det same rommet. På biblioteket vil det vera naturleg at røystelokale for kommunestyre- og fylkestingsvalet vert det store møterommet, medan røystelokale for soknerådsvalet vert eit av dei andre møteromma.